



Giske kommune

historisk og framtidsretta

Planstrategi

2020 – 2023

og

Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel

Innhald

<u>1 Innleiing</u>	3
<u>1.1 Planstrategi</u>	3
<u>1.2 Arbeidsprosessen</u>	3
<u>1.3 Definisjonar</u>	4
<u>2. Nasjonale og regionale føringar</u>	4
<u>2.1 Nasjonale forventningar</u>	4
<u>2.2 Regionale føringar</u>	5
<u>3. Utviklingstrekk</u>	6
<u>3.1 Utgangspunkt</u>	6
<u>3.2 Folketalsutvikling</u>	6
<u>3.3 Næringsutvikling</u>	7
<u>3.4 Folkehelse</u>	9
<u>3.5 Andre utviklingstrekk</u>	11
<u>4. Utfordringar</u>	11
<u>4.1 Næringsliv og sysselsetting</u>	11
<u>4.2 Levekår og folkehelse</u>	12
<u>4.3 Bustadbygging</u>	13
<u>4.4 Miljø- og klima</u>	14
<u>4.5 Natur, landskap og friluftsliv</u>	14
<u>4.6 Kultur</u>	14
<u>4.7 Transport og infrastrukturbygging</u>	15
<u>4.8 Langsiktig arealbruk</u>	15
<u>4.9 Samfunnsikkerhet og beredskap</u>	15
<u>4.10 Kommunal tenesteyting og forvaltning</u>	15
<u>5. Kommunens plansystem</u>	16
<u>6. Planbehov i perioden 2020 – 2024</u>	16
<u>6.1 Evaluering av norgeldande kommuneplan</u>	16
<u>7. Planprogram for kommuneplanens samfunnssdel</u>	18
<u>7.1 Formålet med planarbeidet</u>	18
<u>7.2 Giske kommune sin moglegheiter og utfordringar</u>	18
<u>8. Opplegg for medverknad</u>	18
<u>9. Planprosessen med fristar og deltaking</u>	19

1 Innleiing

Kommunen sin plikt til planlegging av eigen verksemder er nedfelt i kommunelova - § 5:

Kommunen skal utarbeide en samordnet plan for den kommunale virksomhet....

Kommuneplanlegging skal bygge på en realistisk vurdering av den forventede utvikling i kommunen og av de økonomiske ressurser som vil stå til rådighet, slik dette framgår av økonomiplanen.

Nærmore bestemmelser om den kommunale planleggingen gis ved lov.

Planlegging er eit effektivt og godt styringsverktøy for berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk. Fylkeskommunane og kommunane har fått auka handlingsrom og større ansvar for å sikre nasjonale og vesentlege regionale interesser i planlegginga. Regional og kommunal planlegging er viktig for å få ein meir berekraftig, brukarorientert, effektiv og resultatorientert offentleg sektor.

1.1 Planstrategi

I medhald av plan- og bygningslova (Pbl) § 10-1 skal kommunen utarbeide ein communal planstrategi kvart fjerde år. Planstrategien skal vedtakast av kommunestyret seinast innan eit år etter konstituering. Bakgrunnen for tidsaspektet her, er at det nye kommunestyret skal kunne fastsette sitt planbehov for å nå politiske mål.

Den 13.02.2020 vedtok kommunestyret å slå saman arbeidet med communal planstrategi og oppstart av arbeidet med Kommuneplan, samfunnsdelen, i tråd med plan- og bygningslovas § 10-1, siste ledd. Bakgrunnen for dette var behovet for å revidere kommuneplanen sin samfunnsdel og å effektivisere planarbeidet.

Føremålet med ein planstrategi er å sette fokus på dei planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for å legge til rette for ei positiv utvikling i kommunen. Det skal vere fokus på at planlegginga skal vere behovsstyrte og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt.

Planarbeid er ein tidkrevjande prosess. Med bakgrunn i dette vil denne planstrategien ha eit nøktern innhald i forhold til utvikling av nye planar. Arbeidet vil bli prioritert rundt det som er naudsynt for å nå utviklingsmål og intensjonar som kommunestyret alt har vedtatt i samband med handlings- og økonomiplanen 2020 – 2023. Dette samsvarar med det som ovanfor er referert til i kommunelova.

I arbeidet med communal planstrategi skal det innhentast synspunkt frå statlege og regionale organ og nabokommunar. Kommunen bør legge opp til ein brei medverknad og allmenn debatt som grunnlag for behandlinga. Forslaget skal gjerast kjent offentleg minst 30 dagar før kommunestyret behandlar saka.

Planstrategien er retningsgivande for kommunen si vurdering av planarbeid.

1.2 Arbeidsprosessen

Planstrategien er utarbeida administrativt av ei arbeidsgruppe leia av kommunedirektøren.

Formannskapet har behandla saka som kommuneplanutval. Kommunestyret vil få saka til endeleg behandling etter avslutta høyringsrunde.

1.3 Definisjonar

Sentrale omgrep i samband med planarbeid:

Kommuneplan, samfunnsdel	Dokument som tar stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunenesamfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon. Dokumentet skal vere grunnlag for sektorane sine planar og virke i kommunen (Pbl § 11-2). Skal ha ein handlingsdel som angir korleis planen skal følgjast opp.
Kommuneplan, arealdel	Dokument som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Angir hovudtrekka i arealdiisponeringa og gir rammer og vilkår for nye tiltak og ny arealbruk (Pbl § 11-5)
Kommunedelplan	Overordna plan på eit meir detaljert nivå enn kommuneplanen (eit geografisk område eller eit bestemt tema eller verksemdsområde jfr. Pbl. §11-3, 3. ledd) og der det er trong for ein brei medverknadsprosess. Skal ha ein handlingsdel som angir korleis planen skal følgjast opp.
Reguleringsplan	Eit arealplankart med tilhøyrande føresegner som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader (pbl. § 12-1).
Temaplan	Styringsverktøy som inneheld mål, strategi og tiltak innanfor eit fagleg avgrensa område. Planane er korte og utarbeida i høve ein oppgjeven mal (følgjer ikkje pbl. sine føresegner). Mandatet vert gjeve av kommunedirektøren i den grad det ikkje er politisk vedtak knytt til bestillinga.
Strategi	Viser vegen/alternativer vegar for å nå målet.
Handlingsplan	Viser kva tiltak som skal gjennomførast i handlingsplanperioden, for å nå dei mål som er sett i planen.
Interkommunalt plansamarbeid.	To eller fleire kommunar bør samarbeide etter pbl. når det er hensiktsmessig å samordne planlegginga over kommunegrenser. Samarbeidet kan omfatte alle kommunale plantypar jf. pbl. kap. 9.

2. Nasjonale og regionale føringer

All planlegging skal medverke til å samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver, jfr. Pbl. §1-1, 2. ledd.

2.1 Nasjonale forventningar

Dokumentet «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» er vedteke av regjeringa (kgl.res.12.06.2019). Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med regionale og kommunale planstrategiar og planar i kommunane.

Regjeringa legg vekt på at vi står overfor fire store utfordringar:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftsmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor viktig at berekraftsmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Med stortingsmeldinga; Berekraftige byar og sterke distrikt, Meld. T18 (2016-2017) blir dei nasjonale forventningane vidareført.

2.2 Regionale føringer

Møre og Romsdal har sett seg som mål å bli det første fylket etterlever FN's berekraftsmål. Teksten nedanfor er henta frå Regional planstrategi. Planlegginga i kommunene må ta dette med seg i det vidare arbeidet.



Samarbeidsfylket Møre og Romsdal



Miljøfylket: MÅL 1: Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr. 1 Dette inneber ei ambisiøs klimasatsing minst i tråd med Parisavtalen, at samfunnet er klimarobust og godt rusta for klimaendringane, at fylket har lukkast med det grøne skiftet, og at arealplanlegginga både på land og i sjø er miljøvennlig og effektiv og samordnar behova for bustadføremål, næringsareal, transport, jordvern, rekreasjon, naturmangfold og biologisk mangfold.



Inkludering- og kompetansefylket: MÅL 2: Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu. Dette inneber ei sunn og aktiv befolkning, inkludert god tannhelse, innbyggjarane har ei ønska og etterspurd utdanning, det er trygge oppvekstvilkår og inkluderande og attraktive byar- og tettstader med stadtilpassa transportløysingar. Barnefattigdommen er redusert, alle grupper uavhengig av kjønn, alder, legning, etnisk- og sosial bakgrunn og funksjonsnivå har likt høve til å delta i arbeids-, kultur-, og samfunnsliv, det er låg arbeidsløyse, nok og miljøvennlig energi, og dei demokratiske verdiane står høgt.



Verdiskapingsfylket: MÅL 3: Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein effektiv offentleg sektor. Dette inneber at fylket har sikker energitilgang og innovativt, konkurransedyktige verksemder som skaper verdiar i heile fylket. Arbeidslivet er attraktivt og seriøst, og dei økonomiske verdiane har ei fordeling som gir god velferd. Fylket har utvikla bu- og arbeidsmarknadsregionane gjennom stadtilpassa, effektive, miljøvennlege og trygge mobilitetsløysingar med grunnlag i teknologi og digitalisering. Samskapande forskings- og innovasjonsaktivitet har medverka til at fylket har nytta ressursane knytt til menneska, til havet og til landskapet i heile fylket. Utviklinga bygger på sirkulærøkonomi og berekraftige forretningsmodellar

3. Utviklingstrekk

3.1 Utgangspunkt

Giske kommune er ein del av Ålesundsregionen og berekraftssatsinga i regionen. Frå 2020 er Giske kommune nabo med nye Ålesund kommune. Som følgje av samanslåinga må alle tidlegare selskapsavtalar, IKS og private avtalar, reforhandlast. Ei rekke utfordringar innafor til dømes samferdsel, beredskap, areal og næringsutvikling må framleis løysast på tvers av kommunegrensene.

Samarbeidsprosjekt i dag og framover saman med Ålesund kommune og Sula kommune:

- Ålesund, Sula og Giske samarbeider om å nå FN's berekraftsmål
- Plan for klima- areal og transport (PAKT)
- Marine grunnkart under arbeid

3.2 Folketalsutvikling

Folketalet i Giske kommune har hatt følgjande utvikling sidan 2011:

Giske kommune	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Folketal 01.01.	7149	7312	7541	7739	7924	8094	8176	8292	8398	8466
Endring frå året før		+163	+229	+198	+185	+170	+82	+116	+106	+68

Kjelde: SSB

Framskrivning av folketalet i kommunen fordelt på aldersgrupper og kjønn.

Årstal	Kvinner 2000	Menn 2000	Kvinner 2020	Menn 2020	Kvinner 2030	Menn 2030
0-4 år	234	273	298	293	292	309
5-9 år	242	222	292	299	288	305
10-14 år	231	260	325	301	331	320
15-19 år	245	223	282	280	322	335
20-24 år	197	236	210	290	323	310
25-29 år	183	203	226	228	282	263
30-34 år	194	241	310	277	284	303
35-39 år	217	202	279	310	307	317
40-44 år	242	234	273	294	342	339
45-49 år	206	238	247	298	299	330
50-54 år	184	200	239	267	276	292
55-59 år	154	167	232	236	249	291
60-64 år	107	116	246	244	228	252
65-69 år	115	118	201	231	217	218
70-74 år	130	93	171	173	227	218
75-79 år	118	87	137	128	180	194
80-84 år	81	56	81	76	139	123
85-89 år	43	20	69	45	90	69
90-94 år	18	11	48	14	35	24
95-99 år	2	1	9	1	13	6
100 år eller eldre	0	0	1	1	3	0

3.3 Næringsutvikling

Vekst i arbeidsplassar privat og offentleg sektor dei siste 10 åra.


	Antall lønnstakere				
	2016K1	2017K1	2018K1	2019K1	2020K1
1532 Giske					
00-99 Alle næringer	2 181	2 214	2 332	2 373	2 460
01-03 Jordbruk, skogbruk og fiske	46	46	54	45	73
05-43 Sekundærnæringer	478	508	580	565	579
45-82 Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstjen., forretningsmessig tjen., eiendom	762	771	779	798	879
84 Off.adm., forsvar, sosialforsikring	78	78	75	:	:
85 Undervisning	212	213	221	222	223
86-88 Helse- og sosialtjenester	555	556	576	597	565
90-99 Personlig tjenesteyting	50	42	47	64	68
00 Uoppgitt	:	0	0	:	:

Kommuneprofilen: Pendling inn og ut av kommunen.

Giske kommune er del av Ålesundsregionen som felles arbeidsmarknadsregion. Størst pendling er det mellom Giske og Ålesund kommune (2018):

- Frå Giske til Ålesund: 1664 personar
- Frå Ålesund til Giske: 431 personar

Inn- og utpendling etter næring, 2018




Samanhengen arbeid og levekår.

Behov for arbeid og berekraftig vekst.


Oversikt (prosentvis) yrkesaktive og arbeidsledige.

Giske kommune har lågare arbeidsløyse enn gjennomsnitt i fylket. Tal for siste 10-år har vore stabilt i Giske på ca 2 – 2,5%.



Næringsstruktur

Giske kommune er ein av landets største fiskerikommunar med mange sjø- og landbaserte verksemder. Kommunen har og eit stort innslag av transportbedrifter grunna Ålesund Lufthamn Vigra samt sysselsetting knytt til offentleg verksemd. Det er også mange sysselsette i servicenæringane med arbeid i Ålesund by.



3.4 Folkehelse

Lov om folkehelse § 1 definerer folkehelse slik:

Formålet med denne lov er å bidra til en samfunnsutvikling som fremmer folkehelse. Herunder utjewner sosiale helseforskjeller. Folkehelsearbeidet skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk skade eller lidelse.

Loven skal sikre at kommuner, fylkeskommuner og statlige helsemyndigheter setter i verk tiltak og samordner sin virksomhet i folkehelsearbeidet på en forsvarlig måte. Loven skal legge til rette for et langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Sosialt bærekraftige lokalsamfunn er temaet for folkehelseprofilen 2020 frå folkehelseinstituttet.

Under finn ein nokre trekk ved kommunen si folkehelse. Ein gjer merksam på at fleire av tala baserer seg på førre Ungdata-undersøking 2017. Det var ikkje ressursar til oppdaterte tal, neste kartlegging finn stad i 2021.

3.4.1 Befolkingssamansetning

Giske har sterkt befolkningsvekst og er ei av kommunane med størst prosentvis vekst i fylket, vi har også fødselsoverskot og positiv netto innanlandsflytting. Det er venta at Giske er den kommunen i fylket som har størst prosentvis auke i folketalet fram mot 2030. Vi har aukande utflytting og aukande flytting innad i kommunen. Det er den mest barnerike kommunen i fylket, har mange barnefamiliar og færre som bur åleine enn i landet for øvrig. Levealder er høyere enn i resten av landet, samstundes som andel eldre er lågare enn i resten av fylket. Framskrivne forsørgarbyrde for eldre er også lågare enn for fylket og landet.

3.4.2 Oppvekst- og levekår

Utdanningsnivået i kommunen er lågare enn på landsbasis, men skil seg ikkje frå resten av fylket. Det er færre som avsluttar vidaregående opplæring enn i resten av landet, og antalet som droppar ut er lågare enn ved starten av 2010-talet. Det er signifikant fleire som er på lavaste nivå i leseferdighet på 5. trinn enn i resten av landet. I følgje Ungdata-undersøking frå 2017 så er andelen elevar som rapporterer at dei har opplevd mobbing litt lågare enn i landet og fylket, og andelen 10. klassingar som trivst på skulen er høyere enn i landet og fylket. Utdanningsnivået blant dei tilsette i barnehagane er lågare enn i resten av landet, og talet på barn per vaksen er høyere. Sysselsetting, snitt- og medianinntekt er litt høyere enn på landsbasis, men kvinner i Giske tener mindre enn landssnittet for kvinner, noko som skapar større kjønnforskjellar i inntekt. Det er også fleire kvinner som jobbar deltid enn på landsbasis. Gjennomsnittleg formue er lågare enn landsgjennomsnittet, medan gjennomsnittleg gjeld er høyere. Del av befolkninga i hushald med inntekt under fattigdomsgrensa er aukande, men framleis lågare enn landsgjennomsnittet. Inntektsforskjellane er lågare enn i resten av landet, men forskjellane er aukande. Det er også færre eiforførarar enn i landet for øvrig. Sjukefråveret er omtrent som i resten av landet, medan talet på uføretrygda er lågare enn i resten av landet og fylket. Talet på melde lovbroter er lågare enn i resten av landet.

3.4.3 Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø

Alle i kommunen har god drikkevassforsyning, noko som skil seg positivt frå resten av landet. Det er ikkje gjort undersøkingar i høve kor mange som bur i støyutsette område. Det er ikkje funne høge Radon-målingar i kommunen. Konsentrasjonen av fint svevestøv som folk i kommunen er utsett for ser ut til å vere noko lågare enn for i landet som heilheit. Giske har høg innbyggartettleik, noko som gir press på friluftsareala. Tidlegare innbyggarundersøkingar har vist at folk er lite fornøgde med gang- og sykkelveg og kollektivtilbodet – særskilt innad i kommunen. Det er mange anlegg for idrett og aktivitet, men ein ser eit fall i antal som er med på organisert aktivitet i ungdomsalder. Kommunen bruker vesentleg mindre på kultur enn i resten av landet. Biblioteket har hatt ei positiv utvikling i høve utlån og arrangement. Ein ser elles ein mangel på uformelle møteplassar.

3.4.4 Skader og ulykker

Giske har lågare del personskade behandla i spesialisthelsetenesta samanlikna med fylket og landet og færre melde tilfeller av vald enn i landet som heilheit. Ein har ikkje gode tal på årsakar til skader og ulykker i kommunen, men når det gjeld trafikkulykker ser ein at dei fleste ulykkene i kommunen skjer på Ytterland.

3.4.5 Helserelatert atferd

Når det gjeld relasjonar til andre, kan det sjå ut som om elevar i Giske har eit mindre tillitsfullt forhold til foreldra sine enn dei andre kommunane i undersøkinga «Ung på Sunnmøre 2». Tidlegare Ungdata-undersøkingar viser også ei auke i ungdom som kjenner seg einsame. Ungdata-undersøking frå 2017 viste at elevar ved ungdomsskulane i Giske brukte meir tid framfor skjerm enn ungdom i resten av landet. Det er i følgje denne undersøkinga fleire elevar i Giske som aldri har vore berusa enn i andre kommunar. Det ser ut som om at antalet som røyker går ned, medan antalet som snusar går noko opp. Det er i følgje Ungdata undersøkinga i 2017 mange unge som slit med søvnvanskar. Same undersøking viser at antalet unge i organisert idrett går ned utover ungdomsåra, men det er fleire som då trenar på treningscenter. For vaksne manglar ein gode tal på fysisk aktivitet. Vaksinedekkinga i kommunen er god.

3.4.6 Helsetilstand

Det ser ut til at det er færre med psykiske plager enn i resten av landet, samstundes som den kommunale psykisk helse- og rustenesta opplever ei svært sterk auke i antal tilvisingar.

Muskel- og skjellettsjukdommar, hjarte- og karsjukdommar, KOLS, kreftsjukdom og type 2-diabetes er omrent på same nivå som i fylket og landet. Giske har ein større del born og unge med overvekt eller fedme enn resten av landet, ein ser mellom anna ei auke i fedme og overvekt, sjølvrapportert på sesjon, på heile 10 prosentpoeng frå perioden 2011-2014 til perioden 2016-2019. Antibiotikabruk ligg høgare i kommunen enn i resten av landet.

Tannhelsa til 12-åringane i kommunen er betydeleg dårligare samanlikna med både fylket og landet, og den har også blitt betydeleg forverra frå 2015 til 2018.

3.5 Andre utviklingstrekk

	Giske kommune	Landsbasis
Barn som går i barnehage	91,8 %	91,7 %
Kommunestyrrerepr. som er kvinner	30,4 %	39 %
Menn med høgare utdanning	23 %	30 %
Kvinner med høgare utdanning	34 %	38 %
Menn i arbeidsstyrken (20-66)	83,9 %	80 %
Kvinner i arbeidsstyrken (20-66)	78,4 %	75,4 %

(SSBs statistikk for 2018)

Giske kommune har 100 % barnehagedekning. Det er lågare kjønnsfordeling i kommunestyret enn ellers i landet. Kommunen sine innbyggjarar har noko lågare utdanningsnivå enn landet for øvrig, men fleire i arbeidsstyrken enn landet forøvrig. Arbeidsløysa i kommune er på om lag 1,5 % mot om lag 2,5 % på landsbasis. Iflg. kommuneprofilen for 2019 (bygger på statistikk frå SSB og NAV) er det 4,4 % av alle innbyggjarar i Giske kommune som har uføretrygd mot 6,6 % på landsbasis.

4. Utfordringar

Hovudutfordringar

- Demografi
- Næringsutvikling
- Bukommune

4.1 Næringsliv og sysselsetting

Næringspolitisk handlingsplan:

I vedteken Strategisk Næringsplan 2016-25 er følgjande utfordringar og fokusområde for Giske kommune sitt arbeid for næringslivet lagt til grunn:

- Vi har ein del av **næringslivet som treng plass** – hamner, industriområder, store areal og har store transportutfordringar
- Vi har ein annan del som **treng kundar**. Varehandel, frisør, kafé o.l.
- Vi må **planlegge for mangfaldet**
- **Arealutvikling og regulering for næringsføremål:** Fleire store og små område i kommunen er sett av til næringsføremål, men få er tilrettelagte for utbygging, eller plasserte slik at dei ikkje kjem i konflikt med nærliggande bustadområder.
- **Saksbehandling og stønad til næringslivet:** Det er viktig at kommunen bidrar med rask og effektiv saksbehandling av næringslivssaker. Bruk av næringsfond bidrar til kompetanseheving og utvikling av eksisterande næringsliv.
- **Samarbeid kommune - næringsliv om lokal næringsutvikling:** Det er viktig med nært samarbeid mellom offentleg og privat sektor om å finne felles løysingar og å halde nærbane i store og små saker

- **Små/ nye næringar:** Kommunen bør framleis satse på å hjelpe nyetablerarar og gründerar i startfasen med bruk av næringsfond.
- **Identitet og omdømme:** Kommunen er avhengig av godt omdømme blant innbyggjarar og næringsliv og bør difor støtte opp om å skape ein heilskapleg identitet for lokalsamfunnet.

På bakgrunn av desse utfordringane er følgjande satsingsområde peika ut, med tilhøyrande målsettingar, utfordringar, strategiar og tiltak: *Endring i kulepunktta under, jf vedtak i Formannskapet (kommuneplanutvalet), sak 141/20, den 24.08.2020.*

- Fiskeri- og havbrukskommunen Giske
- Infrastruktur og transport
- Matkommunen Giske
- Kreative næringar, reiseliv, identitet og omdøme

Gjøsund næringsområde

Området rundt Gjøsund hamn var i 1997 peika ut som strategisk fokus- og hovudsatsingsområde for sjø- og landbasert næringsliv i kommunen gjennom designplanprosjektet «Gateway to Sunnmøre». Dette er seinare følgt opp med reguleringsplanen Detaljplan Gjøsund næring (2016), og vart prioritert i Nasjonal Transportplan 2018-29.

Det er sett av ca 100 mill kr i statsmidlar til utdjuping av hamneområdet. Arbeidet er tenkt slutført 2023.

4.2 Levekår og folkehelse

- Utfordringar i høve folketalsauke, arbeidsplassar, tilbod for barnefamiliar, utdanning og arbeidpsykisk helse

Kommunen kjem relativt bra ut av det på folkehelseprofilen 2020, på dei ulike indikatorane innan helsetilstand, helserelatert åtferd, miljø, skadar og ulykker, oppvekst, levekår og busetnad. Kommunen har likevel framleis utfordringar på fleire område. **Det er verdt å merke seg at Giske kommune ikkje deltok i Ungdata-kartlegginga 2017-2019.** Giske kommune er i vekst og har mange tilflyttarar og stor andel born og unge. Dette gir press på areal til bustad, og samstundes auka behov for areal til leik, idrett, friluftsliv og rekreasjon. Ungdom i kommunen ser ut til å bruke mykje tid på skjermbruk, kjenner seg i aukande grad einsamme og ein har sett ei kraftig auke i talet på overvektige ungdommar. Ungdommen sjølv peiker mellom anna på at dei saknar eit aktivitetstilbod. Det er mangel på både formelle og uformelle møtestadar i kommunen, dette gjeld for alle aldersgrupper. Tannhelsa til 12-åringane i kommunen er betydeleg därlegare sammanlikna med både fylket og landet, og den har også blitt betydeleg forverra frå 2015 til 2018.

Utdanningsnivået blant tilsette i barnehagane er lavare enn i resten av landet.

Kommunen sine folkehelseutfordringar kan endrast i løpet av perioden etter kvart som ein får nyare informasjon om folkehelsa i kommunen, t.d. gjennom Ungdata-kartlegging.

Oppvekstområdet er under omorganisering, det er lagt fram kvalitetsrapport som skal politisk behandlast i 2020. Det er full barnehagedekning totalt i kommunen, men Godøya og Giske har ikkje full dekning lokalt. Ny privat barnehage er under planlegging på Godøya. Det er ønskje om ein ny stor barnehage på Viga.

Frivilligcentralen i Giske fungerer særskilt godt og har stor verdi innafor folkehelsearbeidet. Det er fast samarbeid med NAV, Kingelvene og Kriminalomsorga for arbeidstrening for ungdom. Det er forøvrig samarbeid med alle frivillige organisasjonar i kommunen og dei arrangerer turar for ungdom. Daglege oppgåver er m.a. utkøyring av mat frå kjøkkenet på sjukeheimen og vaktmesteroppgåver for eldre. For kommunen er dette store summar i sparte sosiale utgifter. Frivilligcentralen er open kvar dag for pensjonistar og andre og på kveldstid er det klubbverksemder i lokal. Frivilligcentralen mottar fast økonomisk støtte frå staten og mykje støtte frå folk og næringslivet.

4.3 Bustadbygging

Kommunen har generelt god tilgang på bustadar og byggeklare tomter, regulert bustadareal og store reserver i areal utlagt til bustadformål. Med forventa folketalsauke (SSB) på om lag 100 personar pr. år dei neste ti åra vil det bli behov for fleire bustadar. Tradisjonelt har type bustadar ved regulering i stor grad vore forslagsstillar og utbyggjar sitt val. Tilflytting og flyttemønster er i nokon grad styrt av bustadtype og kommunen som planmynde kan med fordel leggje føringar for behov og ønskje ved regulering til kva slags bustadar ein ønskjer skal bli bygd i det einskilde område.

Innan helse- og omsorg er det behov for fleire bustadar for utleie og bustadar for vanskelegstilte. For barn og unge med særlege behov trengst det bustadar med heildøgns-trester. I følgje kartlegging/rapport framlagt i 2019, vil om lag 50 barn på eit tidspunkt dei neste 15 åra trenge tilpassa bu- og tenestetilbod. Om lag 4 barn/unge er kartlagt slikt behov i 2020.

Det er eit stort trykk på heildøgns-plassar for demente, det bør difor planleggast for fleire heildøgns-plassar og evt. andre bustadar som er tilpassa denne brukargruppa. I følgje rapport Bu- og tenestetilbod til demente, levert 2019, er det om lag 50 nye demenstilfelle pr. år. Det er behov for ulike differensierte tilbod til denne brukargruppa, alt frå lågterskeltilbod som dagavdeling, demensvenn, til velferdsteknologi (GPS, digitale tilsyn), tilrettelagte bustadar og heildøgnstilbod.

Det er generell vekst i alle tenestene innan helse- og omsorg. Tabell under viser tal brukarar i helse- og omsorgstenestene i perioden 2010-2019. Dei siste 5 åra har tal brukarar nærmast dobla seg.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Brukarar m/ten	448	462	448	466	500	510	531	734	878	946
Ant tenester	1 560	1 690	1 760	1 923	2 185	2 185	2 506	2 820	3 199	3 626
Ant e-meldinger	0	0	0	2283	9201	13 097	14 186	14 374	16 605	16 585

Dette gir mellom anna eit stadig aukande trykk på heildøgnsplassar, korttidspllassar og avlastningspllassar. Kommunen har i dag store utfordringar med å klare å ta tilbake utskrivingsklare pasientar ved sjukehuset og pasientar ved Øyeblinkeleg hjelpe døgntilbod ved Ålesund lokalmedisinske senter. Kommunen har det siste året kjøpt ressurskrevjande tenester frå privat leverandør, då vi ikkje har moglegheit til å etablere slikt tilbod. Dette er svært kostnadskrevjande tenester. Det er viktig å snarleg vurdere fleire heildøgnstilbod innan helse- og omsorg.

Giske kommune tar i mot 10 nye flyktningar i året. Dette gir eit behov for fleire bustadar til etablering og integrering av nye flyktningar. Ideelt sett ligg behov til bustadar til områder med nærleik til butikk, skule, barnehage og kollektivtrafikk.

4.4 Miljø, klima og berekraft

Saman med kommunar i Ålesundregionen, koordinert av Sunnmøre regionråd, deltar Giske kommune i samarbeidet for å få utarbeidd/rullert eigen energi- og klimaplan. Planprogrammet for; Plan for klima, miljø og energi 2021-2030 vart godkjent i kommunestyret i 2019. Av ressursmessige omsyn har ikkje kommunen prioritert vidare framdrift i planarbeidet. Giske kommune har ikkje sett seg lokale utsleppsmål.

Giske kommune deltar saman med Sula og Ålesund kommune i styringsgruppa og i den faglege arbeidsgruppa for; Plan for areal, klima og transport (PAKT) i Ålesundsregionen. Målet med samarbeidet er å kome fram til ein felles, omforeint og forpliktande plan som ser arealbruk og transport i samanheng på tvers av kommunegrensene - i eit klimaperspektiv, slik at regionen kan utvikla seg på ein berekraftig måte og gi gode rammer for vidare vekst. «Nullvekstmålet» er sentralt. Planen kan tidlegast vedtakast i januar 2022.

4.5 Natur, landskap og friluftsliv

Folketalsvekst – byggepress – naturlandskap, biologisk mangfald og friluftsinteresser.

Som bukommune med stor folketalsvekst over mange år har kommunen opplevd stor byggeaktivitet. Det er stort utbyggingspress på areala langs sjøen, samtidig er strandsona attraktiv for friluftsliv, rekreasjon og naturoppleveling. Å kunne gå på tur i nærområdet sitt er viktig for livskvaliteten til mange. Friluftsliv er definert som opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleveling. Ein kan legge merke til at naturoppleveling er eit viktig element i friluftslivet. Alle skal ha god tilgang til strandsona der dei bur.

Giske kommune gjennomførte i 2016 ei kartlegging og verdsetting av eksisterande friluftsområde. Kartlegginga er eit krav frå Miljødirektoratet ved søknad om statlege midlar til sikring av friluftsområde. Kartlegginga er moden for revidering og detaljeringa kan med fordel auka.

Giske kommune vedtok i 2018 kommunedelplan for naturmangfald. Planen synleggjer viktige område i kommunen med omsyn til naturtypar og artar som krev særskild handsaming. Kommunedelplan for naturmangfald, med handlingsdel, er eit verktøy for å forvalte areala i kommunen på ein berekraftig måte. Handlingsdelen er ikkje vedtatt men måla er: 1. Langsiktig og berekraftig naturforvaltning, 2. Utgreiing og overvaking, 3. Skjøtsel og eventuelt restaurering av forringa natur. For å best mogeleg kunne oppfylle måla er det naudsynt å vidareføre arbeidet med handlingsdelen og få denne vedtatt.

4.6 Kultur

Frå nasjonalt nivå er det forventa at kommunen legg til rette for fysisk aktivitet, friluftsliv, tiltak som fremmar psykisk og fysisk helse, registerer og verdsett kulturminne og kulturmiljø som har lokal verdi. Offentleg, frivillig og privat kulturverksemder er gjensidig avhengig av kvarandre. Det frivillige kulturlivet er ein føresetnad for eit breidt kulturtilbod. Offentleg og frivillig kulturaktivitet er avhengig av samarbeid med profesjonelle kunstnarar og kulturarbeidarar. Kommunen har ei lang rekke lag og foreiningar og eit stort mangfald av profesjonelle kunstnarar.

Med stønad frå Riksantikvaren (kr.100.000) starta kommunen i 2019 arbeidet med revidering av museums- og kulturminneplan for Giske kommune 2020 – 2030.

Kulturplan for Giske kommune 2016 – 2026 er ein temaplan som ikkje er bindande, men retninggivande.

Kultur er eit satsingsområde i kommuneplanens samfunnsdel og hovudmålet med kulturpolitikken er at: «Giske kommune skal ha eit rikt kulturliv»

Kommunen sin økonomiske situasjon tillet ikkje å oppretthalde og vidareføre dei same ressursane på kulturområdet. Dette inneber at kommunen ikkje kan bidra på same måte som før og må derfor naturleg senke ambisjonane i planverket. Det skal i 2020 tilsettast ein koordinator i fast stilling som skal ha kulturansvar som ein del av stillinga.

4.7 Transport og infrastrukturbygging

Det vil vere viktig for kommunen å få utbetra Ytterlandkrysset rv 658/fv 5957 samt få vedtatt framtidig hovudkryssløysing på Sætra rv 658/fv 5958 i samband med utvikling av handelssenteret.

Giske kommune deltar i arbeidet med klima-, areal og transportplan for Ålesundsregionen. Målet er mellom anna, «nullvekstmålet», dvs. å få veksten i personbiltrafikken over på kollektiv, sykkel og gange.

Detaljregulering for Ytterland II, trafikkknutepunkt med busstasjon og innfartsparkering, er forventa vedtatt i 2020.

Det er behov for ny trafikktryggingsplan, gjeldande plan er frå 2012. Ein kommunedelplan for trafikktrygging vil og vere nyttig i samband med søknadar om trafikktryggingsmidlar.

Utvikling av Gjøsund næringsområde med Gjøsund hamn vil krevje tunge investeringar i infrastruktur.

4.8 Langsiktig arealbruk

Arealbruken i kommunen er definert gjennom kommuneplanens arealdel og det vert vist til denne.

Giske kommune er i toppen i Møre og Romsdal når det gjeld folketalsauke i Møre og Romsdal og kommunen har og lagt ut store areal i kommunen til bustadareal. Det er ei stor utfordring å kontrollere og forvalte regulering og bustadbygging av store bustadareal (i oppgangstider) i høve teknisk og sosial infrastruktur. Betre styring og kontroll over regulering og utbygging av bustader kan og må løysast i samband med rullering av kommuneplanens arealdel.

4.9 Samfunnsikkerhet og beredskap

Iflg. Pbl. § 3-1 skal all planlegging fremme samfunnssikkerheit ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdiar mv.

Beredskapsplan for Giske kommune 2019 er vedtatt av Giske kommunestyret i des. 2019. Planen er basert på heilskapleg risiko- og sårbaranalyse (ROS) 2019-2020.

Fylkesmannens neste tilsyn er i november 2020.

4.10 Kommunal tenesteyting og forvaltning

Giske kommune er på ROBEK-lista (kom inn i 2017). 12 kommunar på ROBEK i Norge, 2 i Møre og Romsdal. Frå 2014 vart det innført eigedomsskatt i kommunen.

Det vil vere ei kontinuerleg utfordring å omstille organisasjonen til dei endringane som skjer i samfunnet og å tilpasse seg til den økonomien som kommunen til ei kvar tid har. Det er vidare ei utfordring å rekruttere rett kompetanse til dei tenestene kommune skal gi og dei oppgåvane som kommunen skal løyse. Kommunen sitt omdømme er summen av korleis omgjevnadane oppfattar oss. Dette vil og skal stille krav til politikarar, kommunen sine leiarar og tilsette om korleis vi møter og handterer dei tenestebehova som innbyggjarane våre har. Både som kommunal mynde og som

serviceleverandør bør Giske kommune i enda større grad kunne bli ein arena for å skape utvikling saman med innbyggjarane.

5. Kommunens plansystem

Gjennom planstrategien skal kommunen sin planstruktur vurderast. Det kommunale plansystemet kan framstillast slik:

Kommunal planstrategi Minst ein gong i kvar valperiode Vedtak om rullering av kommuneplanen Rullere planbehov
Kommuneplan Samfunnssdel med handlingsplan, Arealdel, Planperiode 12 år, vurdere kvart 4. år planstrategien Årleg rullering av samfunnssdelens handlingsplan
Kommunedelplanar Tematiske, Geografiske Planperiode 12 år, vurdere kvart 4. år i planstrategien Rullering av handlingsdelen
Temaplanar Planperiode 4 år, vurdere behov i planstrategi
Økonomiplan med kommuneplanens sin handlingsdel Planperiode 4 år – rullere årlig
Årsbudsjett
Årsmelding og regnskap

6. Planbehov i perioden 2020 – 2024

I dette kapitelet er det ikkje tatt med dokument angitt som «strategi» eller «studie». Dei aller fleste reguleringsplanane som kommunen behandler er etablert i privat regi. Av kommunale reguleringsplanar er kun områdeplanar tatt med her.

6.1 Evaluering av nogjeldande kommuneplan

Kommuneplanen sin samfunnssdel 2014-2026, vedtatt 30.09.2014, vart ikkje rullert i førre valperiode. Samfunnssdelen er forankra i kommunen sin visjon:

Giske – historisk og framtidssretta

Giske er populær bukommune og det blir vist stor interesse frå næringslivet for nyetableringar, men fleire nye utviklingstrekk i kommunen ligg til grunn for at det no er naudsynt med meir langsiktige politiske og administrative val gjennom revisjon av kommuneplanens samfunnssdel. Ein anstrengt kommuneøkonomi inneber store utfordringar med å drifta lovpålagte oppgåver, og naudsynte grep må til for å kunne oppretthalde eit tilfredsstillande tenestetilbod med mindre ressursar.

Verdigrunnlaget som er nedfelt i gjeldande samfunnssdel vidareførast.

Ein revidert kommuneplan, samfunnssdel bør utformast som eit dokument som både er retningsgivande og som er bestillar-dokument for eventuelle ønske om konkrete temaplanar på aktuelle område.

Kommunale planar - oversikt med status og planlagt prioritering

Tenesteområde/plan		Vedtatt	2020	2021	2022	2023	Antatt kostnad
Sentraladministrasjonen							
Kommuneplanens samfunnsdel 2014 - 2026	KP	2014		Ny	Ny		
Kommuneplanens arealdel 2018 - 2030	KP	2018		Rull	Rull		
Kommunedelplan naturmangfold - handlingsdelen	KD	2018			Rull		
Økonomiplan 2020 – 2023	KP	2020	Rull	Rull	Rull	Rull	
Digitalisering og omstilling	T	2016					
Stab							
Strategisk næringsplan 2016 - 2025	KD	2016		Rull		Rull	
Beredskapsplan	TP	2019	Rull	Rull	Rull	Rull	
Oppvekst							
Kompetanseutvikling for grunnskulen	TP	2019	Rull	Rull	Rull	Rull	
Kompetanseutvikling for barnehagen 2014-2017	TP	2015				Rull	
Barnehageplan 2008 – 2011	TP	2008					
Kvalitetsplan for oppvekst 2018 - 2021	TP	2018				Rull	
IKT plan – pedagogisk bruk	TP	2020					
Helse, sosial og omsorg							
Helse- og omsorgsplan 2021-2025	TP	2021		Ny			
Strategi helse og omsorg 2050	TP				Ny		
Alkoholpolitisk handlingsplan	TP		Ny				
Kompetanse og rekrutteringsplan 2019-2022	TP	2019					
Pandemiplan 2020 - 2024	F						
Smittevernplan 2020	F						
Teknisk							
Kommunedelplan avløp	KD	2012					
Hovudplan vann og avløp	KD		Ny		Ny		
* Klima- og energiplan	TP	2010					
Kommunedelplan trafikktrygging	KD	2012		Ny		Ny	250.000
Områdeplan for Roald (delsenter)	O					Ny	500.000
** Områdeplan Sætra og Gjøsund, vedtak 2021?	O				Ny	Ny	50.000
Miljø og kultur							
Kulturplan 2016 – 2026	TP	2016					
Museums-/kulturminneplan 2022-	TP			Ny	Ny		
Plan for friluftslivets ferdsselsårer	TP			Ny	Ny	Ny	
Landbruk							
Landbruksplan	TP	2009					
Interkommunale planar							
Plan for areal, klima og transport i Ålesundsregionen (PAKT), vedtak 2022/2023	R?					Ny	
Interkommunal sjøarealplan for Sula, Giske og Ålesund kommunar (oppstart 2022)	I				NY		

* Klima- og energiplanen blir av ressursmessige grunnar ikkje fullført i denne planperioden. - Kommunen vil sørge for at klima- og energiplanlegging blir ein integrert del av kommuneplanen sin samfunns- og arealdel.

** Planarbeidet stoppa opp pga. uavklart framtidig hovudkryssløysing.

7. Planprogram for kommuneplanens samfunnsdel

I plan- og bygningslova § 4-1 går det fram at som ledd i varsling av planoppstart, skal det utarbeidast planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med Planarbeidet, planprosessen, og opplegg for medverknad.

7.1 Formålet med planarbeidet

Formålet med revisjonen vil vere å legge grunnlaget for ei vidare berekraftig utvikling av Giske-samfunnet som imøtekjem dagens behov utan å forringje moglegheitene for komande generasjoner til å få dekka sine behov.

Samfunnssdelen skal gi grunnlag for sektorane sine vidare planar og verksemd. Den skal gi retning for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast i kommunal verksemd og ved medverknad frå andre offentlege organ og private.

Det er forutsett at planarbeidet skal gi retning for kommunen innafor områda verdiskaping, næringsverksemd og sysselsetting, vilkår for folkehelse, gode bustadar, bumiljø og oppvekstmiljø som skal medverke til at vi nærmar oss kommunen sine hovudmålsetningar om:

- Gode levekår
- Ei attraktiv bukommune med kontrollert bustadutvikling
- Ei næringsvenleg kommune i vekst

7.2 Giske kommune sin moglegheiter og utfordringar

Ein viser til kapitla framfor om utviklingstrekk og utfordringar. Kommuneplanarbeidet vil i all hovudsak relatere seg til dei tema som kjem fram her.

8. Opplegg for medverknad

Planstrategi, planprogram og seinare kommuneplan vil bli sendt på høyring til offentlege instansar, nabokommunar og relevante lag og foreiningar. Høyringar og invitasjonar til å kome med innspel vil bli annonsert i lokalavisa Øyblikk og på Giske kommune sine internetsider. Høyringsdokument vil i tillegg bli lagt ut i resepsjonen på rådhuset.

Det vil bli lagt opp til fleire møter for å drøfte innhaldet i kommuneplanen. I følgje plan- og bygningslova har kommunen eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev særskild tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta

direkte, skal sikrast gode mogleigheter for medverknad på annan måte. Korleis medverknad reint praktisk vil bli gjennomført vil bli avklart i formannskapet som kommuneplanutval.

For å få ein kommuneplan som tar gode grep om framtida vil kommunedirektøren leie arbeidet og ha med seg ei administrativ arbeidsgruppe med kommunalsjefane, leiar for teknisk og kommuneplanleggar. Kommuneplanutvalet vil vere formannskapet. Det vil bli innhenta innspel frå kommunen sine politiske komitear, råd og utval (herunder eldrerådet og ungdomsrådet) undervegs i prosessen.

9. Planprosessen med fristar og deltaking

Forslag til ny framdrift

Prosessplan for aktivitet	Tidsrom
Forslag til planstrategi og planprogram	Ferdig til behandling august 2020 Formannskapet 24. aug.
Offentleg ettersyn planstrategi og planprogram	september – oktober (6 veker)
Bearbeide innspel	oktober - november
Stadfesting av planstrategi og planprogram	Kommunestyret 3. desember
Utarbeide forslag til ny kommuneplan, samfunnsdel	januar – mars 2022
Høyringsutkast til formannskapet som kommuneplanutval	4. april
Offentleg ettersyn samfunnsdelen	april – mai (6 veker)
Bearbeide høyringsinngrep	mai - juni
Behandling i formannskapet som kommuneplanutval	13. juni
Kommuneplanens samfunnsdel vedtas i kommunestyret	16. juni

Behandling av samfunnsdelen i utvala.

Teknisk utval: 17. mars, 2. juni

Livsløpsutvalet: 30. mars, 25. mai

Råd for menneske med funksjonsnedsetting: 31. mars

Eldrerådet: 28. mars

Brukarutvalet: 30. april

Barn og unge?

Prosessplan for aktivitet	Tidsrom
Forslag til planstrategi og planprogram	Ferdig til behandling august 2020 Formannskapet 24. aug.
Høyring planstrategi og planprogram	september – oktober (6 veker)
Bearbeide innspel	oktober – november
Stadfesting av planstrategi og planprogram	Kommunestyret 3. desember
Utarbeide forslag til ny kommuneplan, samf.del	januar – mars 2021
Høyringsutkast til formannskapet som kommuneplanutval	mars
Høyring	april
Bearbeide høyringsinnspel	mai
Behandling i formannskapet som kommuneplanutval	juni
Kommuneplanens samf.del vedtas i kommunestyret	juni 2021